



VEDTEKTER FOR TELEMARK KULTURNETTVERK

Vedtatt på årsmøtet 19. april 2017

Telemark kulturnettverk er ein paraplyorganisasjon for det organiserte kunst- og kulturlivet i Telemark.

Telemark kulturnettverk er ein open og inkluderande nettverksorganisasjon og ein regional møteplass for kulturaktørane i fylket og omfattar både offentlege institusjonar og frivillige organisasjonar / regionale lag og amatørar og profesjonelle miljø.

Telemark musikkråd vart stifta 1978 og endra namn til Telemark kulturnettverk (TKN) i 2005. Telemark kulturnettverk er partipolitisk nøytral.

§ 1 FORMÅL

Kunst og kultur er ei kjelde til læring og personleg vekst, sosial samhandling, identitet og mellomkulturell forståing. Målet for arbeidet i TKN er både å bidra til personleg vekst og til å stimulere til sosial samhandling mellom aktørane i nettverket og innbyggjarane i regionen.

TKN skal bidra til å gje menneske lik tilgang på kunnskap, innsikt og dugleik ved å arbeide for at alle skal få tilfredsstillande tilgang til opplæring, aktivitetar, forestillingar og kunst- og kulturopplevingar uavhengig av bustad og alder.

TKN skal nå desse måla ved å vektlegge følgjande hovedoppgaver:

- *Tilrettelegge for møteplassar og fellesarenaer for det organiserte kulturlivet i Telemark*
- *Initiere og gjennomføre utviklingstrategiar og nyskaping innan kultursektoren i nært samarbeid med aktørane og fylkeskommunen*
- *Vere eit kompetanse-, samarbeids- og serviceorgan for kulturlivet i Telemark*
- *Gjennom høg kompetanse og gode nettverk utføre ulike forvaltningsoppgaver innan kunst- og kulturområdet*
- *Vere eit kulturfagleg og kulturpolitisk interesseorgan for medlemmene.*

§ 2 MEDLEMSKAP

§ 2.1 Medlemskap

Følgjande kategorier kan bli medlem i TKN dersom dei har minimum ei av oppgavene opplæring, utdanning, aktivitet eller formidling av kunst- og kulturuttrykk som sentrale oppgaver:

- *Fylkesdekkande-/regionale kulturorganisasjonar*
- *Institusjonar med regional eller nasjonal status*
- *Regionale/ fylkesomfattande aktivitetar (ensemble/festivalar m.m)*
- *Lokale fellesorgan - musikk-/kulturråd.*
- *Kommunar v/ musikk-/kulturskulen*

§ 2.2 Inn- og utmelding

Styret avgjer opptak av nye medlemmer med årsmøtet som ankeinstans. Inn- og utmelding skal skje skriftleg.

§ 3 ORGANISASJON

- TKN er eit samarbeidsorgan for kulturlivet i Telemark fylke, med ansvar for eige budsjett og eigen administrasjon.
- Vidare er TKN organisasjonsledd av Musikkens studieforbund og Norsk musikkråd og gjennomfører tiltak og oppgaver i samsvar med Lov om Vaksenopplæring med føresegnar og samarbeidsavtaler.
- TKN har det lokale organisasjonsleddet - musikk-/kulturråd- i kommunane som medlem og bindeledd i nettverket.

§ 4 ÅRSMØTET

Årsmøtet er TKN sitt øverste organ og blir halde innan utgangen av april annankvart år.

§ 4.1 Representasjon og rettar:

Medlemmer kan stille på årsmøtet med inntil to representantar kvar med fulle rettar.

Når årsmøtet gjer vedtak i vaksenopplæringssaker har kun delegatar tilslutta Musikkens Studieforbund stemmerett..

§ 4.2 Møte og talerett

Følgjande møter med tale- og forslagsrett:

- Varamedlemmer i styret
- Komitear valde av årsmøtet
- Personar årsmøtet gir fullmakt.

§ 4.3 Observatører

Følgjande kan møte som observatører:

- Representantar frå alle medlemskategoriar.
- Gjester invitert av styret.

§ 4.4 Innkalling og sakspapir

Innkalling til ordinært årsmøte skal sendast ut to -2- månader før årsmøtet skal haldast. Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet må vere sendt styret seinast ein -1- månad før. Styret sender ut fullstendig saksliste og sakspapir seinast 14 dagar før årsmøtet.

§ 4.5 Dagsorden for årsmøtet.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne fullmaktene til representantane.
2. Godkjenne sakliste og forretningsorden.
3. Velje dirigent, referentar, samt redaksjonskomité ved behov.
4. Velje to protokollunderskrivarar.
5. Handsame ankesaker som gjeld opptak av nye medlemmer.
6. Handsame årsmelding.
7. Handsame rekneskapen.
8. Handsame innkomne saker som er oppført på saklista.
9. Handsame styret sitt framlegg til handlingsprogram.
10. Kontingent
11. Handsame budsjett for komande periode.
12. Velje:

- Leiar, fire styremedlemmer og tre varamedlemmer til styret
- Tre medlemmer til valnemnd

Alle val gjeld for to år.

Alle val skal skje skriftleg om nokon av delegatane krev det, eller om det er meir enn eitt framlegg.

§ 4.6 Ekstraordinært årsmøte.

Styret kallar inn med minst ein månads varsel til ekstraordinært årsmøte dersom minst 1/3 av medlemmene eller eit einstemmig styre krev det.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga til møtet

§ 5 STYRET

§ 5.1 Samansetting

Årsmøtet vel leiar og fire styremedlemmer, samt tre varamedlemmer. Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar.

§ 5.2 Mandat og oppgaver:

Styret skal:

- Leie TKN i perioden mellom årsmøta.
- Setje i verk vedtak gjort av årsmøtet.
- Tilsette personale i samsvar med vedtak og behov.
- Opprette utval som styret finn nødvendig.
- Oppnemne representantar til aktuelle organ /utval.
- Utarbeide årsmelding og reknskap.
- Utarbeide framlegg til handlingsprogram og budsjett.
- Velje utsending(ar) til landsmøtet i Musikkens studieforbund

Styret er vedtaksført når leier eller nestleiar og to medlemmer er til stades. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

§ 5.3 Spesialoppgaver for styret.

Når styret handsamar vaksenopplæringssaker har kun styremedlemmer som representerer Musikkens studieforbund stemmerett.

§ 6 LEIARMØTE

Styret kallar inn leiarane i alle medlemskategoriane til møte når styret bestemmer det. . Møtet er rådgjevande i høve til styret.

§ 7 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Endringar i vedtektene kan berre skje på ordinært årsmøte. Til gyldig vedtak krevst 2/3 stemmefleirtal av dei frammøtte utsendingane. Endringar i vedtektene vert lagt fram for styret i Norsk musikkråd og Musikkens Studieforbund til orientering.

§ 8. OPPLØYSING

Framlegg til oppløysing av TKN må handsamast på ordinært årsmøte. Grunngeve framlegg må vere sendt TKN og alle tilslutta medlemmer minst 4 månader før årsmøtet. Oppløysingsvedtak krev 3/4 røystefleirtal.